

Skjema A – Førespurnad om teknisk grunnlagsinformasjon

Dette skjemaet skal nyttast dersom ein ynskjer å tinge eit kartutsnitt frå det offentlege leidningskartverket, kopiar frå røyrleggararkivet eller annan relevant informasjon som grunnlag for prosjektering, søknad om førehandstilsegn, levering av røyrleggarmelding el.l.

Skjemaet er primært tenkt nytta av røyrleggjarføretak som har teke på seg eit oppdrag, men kan også nyttast av private som ønskjer nærare informasjon om leidningsnettet i sitt nærmiljø.

Skjema skal fyllast ut online og sendast direkte til ØyVAR AS, via web tenesta. Ein kan også ta kontakt direkte pr. telefon eller e-post.

Skjema B – Førespurnad om førehandstilsegn

Skjema B skal nyttast ved førespurnad om førehandstilsegn for tilknytning til offentleg vass- og/eller avløpsleidning, enten i samband med søknad om rammeløyve til Byggesaksavdelinga i Øygarden kommune eller i samband med søknad om frådeling av tomt. Alle som skal kople seg til offentleg vatn og/eller avløp må montere vassmålar.

Skjema skal fyllast ut online og sendast direkte til ØyVAR AS, via web-tenesta.

Skjema C – Søknadsskjema for sanitærinstallasjonar, stikkleidningar og fellesleidningar

Som eigar av dei offentlege vass- og avløpsleidningane i Øygarden kommune, skal ØyVAR godkjenne alle nye tilknytningar til leidningsnettet, og fastsetje dei vilkåra som eventuelt vil bli lagt til grunn for ei slik godkjenning. Søknaden skal vere godkjent før fysisk tilkopling til det offentlege nettet skjer.

Skjema C skal nyttast i følgjande tilfelle:

- Ved tilkopling av nye private va-anlegg direkte til off. nett.
- Ved tilkopling av nye private va-anlegg til off. nett via andre private leidningar.
- Dersom ein er knyta til off. nett; permanente og mellombelse endringar på utvendig privat leidning, samt ei del innvendige installasjonar som feitt- og oljeutskiljarar, tilbakeslagsventilar, reduksjonsventilar etc.

Denne godkjenninga av skjema C, er kun ei godkjenning i forhold til dei krava ØyVAR har i samband med tilkoplinga til vårt nett, samt ei registrering av kven som bli knyta til . Evt. behov for søknad om byggjeløyve i samband med tilkoplinga må avklarast med Øygarden kommune. Generelt er grøftarbeid søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Ein slik søknad skal rettast til Øygarden kommune.

Dersom ein kryssar andre grunneigarar og/eller knyter seg til off. nett via andre private leidningar, skal det leggjast ved erklæringar som sikrar desse rettane.

Skjema skal fyllast ut online og sendast direkte til ØyVAR AS, via web-tenesta.

Skjema D – Innsending av sluttdokumentasjon

Skjema D skal nyttast når arbeidet er ferdig utført. Her skal det leggjast ved teikningar som viser faktisk utført leidningstrase - frå tilkoplingspunktet og fram til bygget som er tilknytta.

Dersom det er gjort vesentlege endringar i forhold til det som er godkjent i skjema C, skal det leverast nytt revidert skjema C med oppdaterte tegikningar.

Skjema skal fyllast ut online og sendast direkte til ØyVAR AS, via web-tenesta.

Skjema E – Registrering av vassmålar

Skjema E skal nyttast ved installasjon av vassmålar i bygg . Skjema E kan sendast separat, eller ved søknad om nye tilkoplingar - som vedlegg til skjema C.

Alle som skal kople seg til offentleg vatn og/eller avløp må montere vassmålar.

Skjema skal fyllast ut online og sendast direkte til ØyVAR AS, via web-tenesta.

Skjema F – Registrering av ny feittavskiljar

Skjema F skal nyttast som vedlegg til skjema C dersom det er aktuelt å installere ny feittavskiljar.

Skjema skal fyllast ut online og sendast direkte til ØyVAR AS, via web-tenesta.

Skjema G – Registrering av ny oljeavskiljar

Skjema G skal nyttast som vedlegg til skjema C dersom det er aktuelt å installere ny oljeavskiljar.

Skjema skal fyllast ut online og sendast direkte til ØyVAR AS, via web-tenesta.